

Smerud - Killerøg (gnr. 180)

Killerøg: Namn der. 1. leden truleg er kjelde, kilde, "kjølle", 2. leden råk eller røyk (eim) kjølleråk, kjøllerøyk, som ved oversetting har vorte til Killerøg. Det var før og er truleg ennå 2 alltid vassrike kjelder, "kjøller", like ved husa i Killerøg, Smerud.

Smerud: Namn der 1. leden er smidr, smed, Smidarud, som ved bruk har vorte samantrekt til Smedrud, Smerud.

Det er fortalt at da Mads Kristenssen i året 1679 fekk 1. bygsel på "en ødegaard Kiellerøg ½ hud som han vundet forrige besidder fra, der hadde av ødemark optaget og røddet samme plads."

Mads Kristenssen betalde så med det same 14 Rd i bygselpengar. Den tidlegare brukaren, rudningsmannen måtte etter dette vera Johan Killerøg, som hadde garden i 1678, og da hadde svara i årleg utreidsle landskylda ½ hud + 1 rd. 1 mark i pengar. Så vidt godt som garden da var kome i hevd, var han iallfall ingen heilt nyrydda plass.

I 1723 var det sonen Alf Madssen som hadde tatt over og var eigar og brukar av Killerøg, som namnet også da vart skrive. Om garden er det elles fortalt at han ligg i sollia, men at grunnen var våtlendt, og garden heller tungbrukt. Det var skog nok til brenneved og gjerdefang og seter med utslåttar til 1 lass høy. Høyavlinga utgjorde i alt ca. 18 lass, og husdyrhaldet på garden var da 1 hest, 7 naut og 10 sauer. Det er elles opplyst at det alt da var ein husmannsplass med brukande jord til garden.

Men i 1731 var Alf Madssen død, og det var skifte på Killerøg. Ved dette skiftet finn ein og namnet Smerud brukt som namn på garden for første gong. Elles er det fortalt at arvebuet utgjorde brutto 146 rd. og netto 88 rd., og at Killerøg framleis var skyldsett for 6 skinn med bygsel. Arvingane ved skiftet var forutan enka Mari Syversdtr. dei 5 borna i ekteskapet. Av dei var Mads da 14 år, Syver 11 år, Kari 9 år, Beret 6 år og Randi 3 år. Sytten år seinare var og enka Mari Syversdtr. død, og det var atter skifte på Killerøg eller Smerud. Ein merker seg at baa namn også da er brukte. Ved dette skiftet vart det elles opplyst at skjøtet på garden var av 1695, men at det først var tinglese i 1722. Garden Killerøg av skyld 6 skinn vart da verdsett til 100 rd.

Alf Madssen, f. 1712, vart gift med Mari Larsdtr., f. 1725, og dei fekk 10 born. Det var: 1. Mari f. 1748, 2. Lars f. 1749, 3. Kristen f. 1751, 4. Alf f. 1752, gift 1775 med enken Inga Eriksdtr. Nordhove, 5. Sigrid f. 1753, 6. Engebret f. 1756, død same året, 7. Engebret f. 1757, 8. Anne f. 1760, 9. Ole f. 1762, gift 1794 med Ane Jonsdtr., 10. Arne f. 1768., gift 1793 med Sessel Asbjørnsdtr. Holme.

I 1750-åra vart det bygd ny stugubygning i Smerud. Kristian Smerud i Fåvang, som har namnet sitt etter Smerud i Fåberg frå han budde der som son på garden frå 1897 til 1931, hugsar godt noko sermerkt ved stugubygningen frå 1758, og han fortel det slik: "Kjøkkenet var som skikk og bruk den tid med firkantete bjelker i taket med ein stor bjelke under. Men denne storstokken var litt meir enn alminnelig forseggjort. Det var ein inskripsjon på undersida over heile stokken med store bokstaver: DETTE HUS BEVARER O GUD FRA ALLE FARER AT ILD OG VAND EI SKADER, så var det en slangs krone midt på stokken og på andre halvdel: SMERUD ÅR EFTER KRISTI FØDSEL 1758.

Dette var i den tid Alf Madsen og Mari Larsdtr. var husbondsfolk på Smerud, og som ein vil sjå året etter at sonen deira Engebret vart fødd i 1757.

Kristian Smerud fortel elles at det i hans tid der var fleire gamle hustufter, og at Smerud tidleg måtte ha vorte to bruk: Øvre Smerud og Nersmerud. Det er og Kristian Smerud som har fortalt om dei vassike kjøllene, som han er samd i kan vera opphavet til namnet Killerøg. Mads Alfsen og kona hans Mari Larsdtr. var sterke og livskraftige arbeidsbønder som baa levde til dei vart gamle. Men i 1778 var husbonden Mads Alfsen død, og det var skifte etter

han. Ved dette skiftet vart garden Smerud, framleis av skyld 6 skinn, verdsett til 500 rd., og arvebuet utgjorde netto 690 rd. Arvingane var forutan enka Mari Larsdtr. dei 7 borna som da var i live. Av desse var da dei 3 eldste gutane myndige, og Lars som hadde odelsretten tok så over garden. – Da Lars Madsen i 1782 lånte 420 rd. av klokkar Christen Bjørnsgaard på Skinstakrud, brukte Lars sjølv og kalla garden sin Killerøy, ei form av namnet som og var i bruk ei tid.

Lars Madsen, f. 1749, vart gift med Anne Holmsdtr. Jørstad, og dei fekk 9 born. Det var: a. Mari f. 1778, b. Ingeborg f. 1781, c. Mads f. 1783, gift 1825 med Karen Pedersdtr. Sønsteli, d. Ole f. 1786, e. Holm f. 1789, død 1790, f. Holm født 1791, g. Sessel f. 1794, gift 1818 med Ole Hansen Balberg, h. Engebret f. 1797, gift 1832 med Berte Thomasdtr. Gjeistad, i. Arne f. 1800 (kunstmålar) gift 1834 med Anne Olsdtr. Midtjørstad f. 1803.

Lars og Anne Smerud var framleis husbondsfolk på garden ved folketellinga i 1801. Da budde det 2 huslydar på og/eller ved Smerud. Det var:

1. huslyd: 1. Lars Madsen, husbonden, 53 år, 2. Anne Holmsdtr., kona hans, 43 år, 3. Mads Larsen, 18 år, son deres, 4. Ole Larsen, son deres, 15 år, 5. Holm Larsen, son deres, 10 år, 6. Engebret Larsen, son deres, 4 år, 7. Arne Larsen, son deres, 1 år, 8. Mari Larsdtr., dotter deres 23 år, 9. Ingeborg Larsdtr., 20 år, 10. Sessel Larsdtr., 7 år, 11. Kristian Kristensen, pleiebarn, 3 år. 12. Mari Larsdtr., mor til husbonden, føderådskone 73 år.
2. huslyd: 1. Ole Madsen, husmann med jord, 39 år, 2. Anne Johannesdtr., kona hans, 31 år, 3. Mari Olsdtr., dotter deres, 6 år, 4. Johannes Olsen, son deres, 4 år, 5. Martha Olsdtr., dotter deres, 1 år.

Same året, altså i 1801, selde elles Lars Madsen garden sin til Lars Jonsen Breiset for kjøpesum 1499 rd. + føderåd. Den rare summen vart sikkert slika av omsyn til prisen på det stempla papir skjøtet skulle skrivast på.

Lars Jensen Breiset f. 1763, som da overtok Smerud, var gift med Beret Larsdtr. Sutestad, f. 1784, og dei fekk 8 born. Det var: 1. Jon f. 1802, død same året, 2. Kjersti, f. 1803, gift 1821 med Erik Iversen Sæter, 3. Jon f. 1805, gift med Johanne Larsdtr. Breiset f. 1808, 4. Lars f. 1809, gift med Dorte P. Holme, f. 1807, 5. Halvor f. 1812, død 1866 i Hammerfest, 6. Kari f. 1815 gift 1845 med Lars Hansen Sutestad, Hinkleiv, 7. Kristian f. 1818, utvandra til Amerika, 8. Marte f. 1823, død 1825.

I Lars Jensen si brukartid kom matrikkelframlegget for Fåberg av 1819. Der er det om garden Smerud fortalt at buskapen av store husdyr i den tid var 2 hestar og 12 naut, og at den årlege kornavlinga utgjorde kring 45 tdr. Det er elles opplyst at det også da var 1 husmannsplass til garden. Truleg er det same bruket som og vart Øversmerud.

Lars Jensen døde i 1826, og året etter var det atter arveskifte på Smerud. Ved dette skiftet vart grd. Smerud taksert for 700 spd., og arvebuet utgjorde brutto 1172 spd. og netto 978 spd. Arvingane ved skiftet var forutan enka Beret Larsdtr. dei 6 borna som da var i live. Eldste sonen, Jon, var da 21 år og tok over garden. Men i 1839 gav Jon skjøte på $\frac{3}{4}$ av skylda på garden til brørne sine Lars og Kristian Larssøner. Mor deira enka Beret Larsdtr. var da oppattgift med Peder Johannesen Kirkerud på Nordhove.

I samband med jordbrukstellinga i 1865 vart det publisert fleire opplysningar om gardane. Om Smerud er det da fortalt at det samla jordbruksareal av åker, eng og seterlykkjer i den tid var 159 mål, og av dette var 59 mål jord av 1. klasse. Buskapen på sjølv Smerud var da 2 hestar, 12 naut, 8 sauer og 17 geiter, men dertil var det på husmannsplassen til garden 2 kyr og 3 sauer. Ført på same måten var utsæden på sjølv Smerud $\frac{1}{2}$ td. rug, 1 td. bygg, 7 tdr. blandkorn og 8 tdr. settepoteter, men dertil vart det på husmannsplassen sådd og sett 1 td. bygg og 1 td. poteter.

Seks år seinare gav i 1871 Lars Larsen, f. 1809, skjøte til svigerson sin Erik Amundsen Ellingsberg, f. 1836, på Smerud løpenr. a + b for til saman 300 spd. + føderåd verdsett til 300 spd.

Berte Larsdtr. Smerud og Erik Amundsen Ellingsberg fekk og 8 born. Det var: a. Lars f. 1871, død 1876, b. Dorte f. 1873, død 1876, c. Amund f. 1874, d. Dorte Lovise f. 1876, e. Sessel f. 1878, f. Lisbet f. 1880, g. Lars f. 1882, h. Einar f. 1886.

Same året som Einar vart fødd kom i 1886 den lenge førebudde nye norske matrikkelen, og gardane fekk nye gardsnummer og bruksnummer og ny matrikkelskyld. Skylda var da justert og omrekna i mark og øre og slik at det var 100 øre i 1 mark. – Smerud i Fåberg fekk da gardsnr. 180 med ei samla matrikkelskyld på 8,78 mark, og Erik Amundsen var framleis eigar og brukar av garden. Ein merker seg elles at gardsnamnet i matrikkelen av 1886 er skrivne Smedrud.

Ti år seinare drukna i 1896 Erik Ellingsberg Smerud i Lågen under lågåsildfiskinga. Det var enda den 7. oktober. – Enka Berte Smerud fekk ordna det slik at ho sat i uskifta bu og brukte så ei tid garden saman med borna sine. Men i 1907 vart Smerud selt ved auksjonsskjøte frå Skifteretten i E. Ellingsbergs konkursbu til Anders Ellingsberg for kr. 6200.

Anders Amundsen Ellingsberg f. 1859, var gift med Kristine Eriksdtr., f. 1847, og dei fekk 5 born. Det var: 1. Amund f. 1877, 2. Johanne f. 1879, 3. Sessel f. 1882, 4. Erik f. 1885, 5. Kristian f. 1888.

Anders Ellingsberg hadde elles ikkje Smerud meir enn i 3 år. Da gav han i 1910 skjøte til eldste sonen sin Amund, f. 1877, for kjøpesum kr. 2850 + føderåd til foreldra. Amund Andersen Ellingsberg brukte så Smerud i ca. 20 år. Faren Anders, f. 1859, døde i 1917, og mora Kristine Eriksdtr., f. 1847, døde i 1931. Husbonden i denne tid, Amund Smerud, som han og vart kalla i grenda, levde livet ugift, og selde i 1931 Smerud til Kr. Smidesang. Ved ei skyldsetningsforretning i 1910 var elles ein parsell av garden, gr.nr. 180 br.nr. 2 Smerudstuen av skyld 0,30 mark vorte seld til Ingvald Kristiansen. Seinare kjøpt ei 1932 Ottar Besserudhagen eit br.nr. 3 av skyld 0,02 mark, og Kr. Smidesang kjøpte i 1931 som før nemnt gr.nr. 180, br.nr. 1. Smerud av skyld 6,36 mark. Samtidig kjøpte og Ludvig Smidesang br.nr. 5 Bratland av skyld 2,10 mark.

Etter dette var det ved jordbruksregistreringa i 1939 tre bruksnr. under gardsnr. 180 som hadde eit jordbruksareal av åker, hage og eng på dyrka mark på meir enn 15 mål (da). Det var: 1. gr.nr. 180, br.nr. 1 Smerud med jordbruksareal ca. 55 mål, eigar og brukar Kristian Smidesang, b. br.nr. 2 Smerudstuen, areal ca. 20 mål, eigar og brukar Ing. Sveum, c. br.nr. 5 Bratland, jordbruksareal ca. 17 mål, eigar og brukar Ludv. Smidesang.